




Esaias 55,13:

I staden for klunger  
skal de veksa  
syressar, og myrt i  
staden for nesler.

Det skal vera til ære  
for Herren.....



Nr. 2.

JULI

1992.



**Bönn-Takk**

**BE for**

kyrkjelyden i Paso at dei  
må stå faste når vanskar  
og prøvingar kjem.

**Takk for**

jordbruksarbeidaren me  
har fått kontrakt med.

## 2. KVARTAL: Flaum og regn, men mildt.

Ute i Stillehavet kan det byggja seg opp einskilde år eit verfenomen som vart kalla for "El Niño", "gutebarnet". Dette fordi det plar koma rundt julafta. Ingen kan visstnok forklara dette, men havet vert oppvarme nokre grader ekstra der borte, og oppstigande luftstraumar skaper ein fuktig og varm luftstrum over dei normale luftstraumane. Når denne varmlufta når Söramerika, möter dei kalde luftstraumar som kjem opp med Humboldtstraumen. Og så vert det regn.

Siste tiår har hatt fleire slike periodar. Verst i 1983 med hundreårsrekordar både når det gjeld flaum og nedbör.

I år fekk me flaumsorleg i april og mai. Det nådde nokså nær hundreårsrekorden, men ikkje fullt. I Paso gjekk elva over vegen i lang tid, og både folk og varer måtte fraktast over med båt. Tungvindt og dyrt. Problematisk og for skulen som skulle ha borna fram og tilbake til rett tid.

**Nyebilen har vore uvurderleg for oss.**

Den nye Toyotaen har gjort ein kjempejobb. Han kjem seg fram mest over alt. Med vinsjen har me taua opp andre bilar, og kome oss laus sjölve når bilen sjölv har köyrt seg fast.

15. mai skulle me ut med den gamle Chevroleten. Slepte delvis. Kom til eit stykke av vegen som var berre gjörme og vatn. Ein brasiliansk Toyota (bandeirante) stod fast midt uti. Fekk drege den laus, og kom gjennom med Toyotaen vår. Vinsja så Chevroleten fram gjennom gjörma og ut!

I slutten av kvartalet kom veret seg, og det vart sett i gang ei storvöle av vegane rundt Paso. Vegen over til kolonien vart bygd opp omlag ein meter, og det vart lagt röyr mange stader for elvevatnet å koma gjennom. Elles og vart det reparert, og vegen har vore mykje stengd for store bilar. Me har kome seint, men trygt fram med vår. Me takkar Gud for det.

**Koleraen har ikkje kome enno til Paraguay.**

Heile landet har hatt aksjonar for å förebyggja kolera. Me sette i gang med letriner for dei om ikkje hadde. Det har teke ein del av pengane våre, men no har me trappa ned på dette arbeidet.

Det er funne kolerabakteriar i elva Paraguay, men det er ikkje registrert sjuke her i landet. I andre söramerikanske land har indianarkoloniar vore utsette for sjukdomen. Det har vore vanskeleg å få bukt med han og i dei miljöa. Derfor vårt opplegg.

**Jordbrukskyndig tilsett frå første september.**

Amancio Media, oppfostra hjå ein av misjonen sine trufaste medarbeidarar, og utdanna delvis med hjelp frå Anna Strömsrud, har sagt at han ynskjer å gå inn i arbeidet i Paso Cadena. Han har arbeid ut august i eit anna prosjekt, og kjem til oss 1. september. Han skal ha som arbeidsområde all jordbruks- og hjelp til koloniane.



## Jordbrukshjelpa.

Då det var stor kolerafare tidlegare, vart det lova indianarane hjelp til bygging av letriner og brønnar. Ein del har dette frå før, og i nokre tilfelle har me gjeve hjelp til rensing av brønnane. Men dette tok mykje meir pengar enn me rekna med, trass i at me gjekk inn på 50% stønadsordning.

Det viste seg og at vårt prinsipp med å hjelpa dei som ikkje hadde fått hjelp før, skapte store vanskar. Me hadde eit møte med høvdingane og valde til Jordbrukskomiteen, men der kom mange fleire. Me gjorde ein avtale (om letriner) at me skulle betala for gjort arbeid, og at dette skulle vera attestert av komitededlemen i kvar koloni om ikkje me hadde tid til å kontrollera sjölve. Sist i juni gjekk så Inge Björnevoll med Vidal Alcaráz rundt og såg etter. Det viste seg at omlag ingen hadde fullført arbeidet, og nokre hadde ikkje ein gong starta. Det gjorde at me stogga utbetalinga til me får kontrollera. Dette arbeidet har teke ut 5 - 6000 kroner, og det er for mykje. Me sette i gang dette ut frå styresmaktene sin kampanje for betre helse, og erfaring frå andre stader i Søramerika der indianarkoloniar har vore av dei mest utsette for sjukdomen.

Jordbruksansvarleg (Amancio Medina) er tilsett frå 1. september. Det såg ei tid ut til at han skulle starta 1. juli, men det gjekk ikkje. Den noverande arbeidsgjevaren ville ikkje löysa han frå kontrakta før tida var ute.

## Kyrkjelydsarbeidet.

Dette har vore ei tung tid. Ikkje berre vertidhöva har verka inn. Abraham Sosoz, ein av fostergutane på misjonen i si tid, vart døypt saman med kona i jula. No har han snudd seg mot det evangeliske arbeidet og ikkje ein gong borna kjem på søndagsskulen. Ein annan ungdom som vart døypt i jula, stakk av med ei jente, men ser ut til å vera på veg tilbake. Cebastian, ein av lærarane, ser ut til ha både helse- og åndelege problem. Me ber om forbön og for han.

Men elles går arbeidet med faste møte og ein liten trufast flokk. Søndagsskulen går og sin faste gang. Sameleis vitjing av kristne som bur spreidd så dei ikkje kan koma til møte vanlegvis.

## Læreboksarbeidet.

medprioritert til no.

Dette arbeidet har vorte . Tilrettelegginga og utviklinga i Paso av det andre arbeidet, har teke så mykje av tida. Det er gjort opptak (5 kassetar), og det er skriva ned på maskin. Men det må skrivast inn på datamaskin og vurderast. Der er fleire opptak som ventar på å verta gjort.

## Stasjonemedarbeidarmöta etc.

Me har stasjonsmedarbeidarmöte. Sist diskuterte med justert budsjett for 1992, og budsjettforslag for 1993. Samarbeidet er godt. Særleg presset på stasjonsstyraren (Alfredo) er stort, og me gler oss alle til Amancio kjem på plass.

### 1. juli kom med ein del "ubehagelege overraskingar" for oss som arbeide med budsjett:

1: Innføring av IVA (mer-verdiavgift) på omlag alle varer på 10 % (Unnanteke kjøt og nokre få av dei vanlegaste matvarene.)

2: Stiging av minstelöna med 10%. For oss vil det seia stiging på 10% på alle våre lønningar. Og då lønningane skal vera heile 30 % etter prisstigningen i höve til siste lönsjustering, vert det rekna med ny lönsstigning seinare i år eller først på nyåret.

3: Fraktsatsame på bussane gjekk opp 20 %.

Då dette vil verka prisdrivande, må me rekna med at budsjettet vårt vil nå i alle fall 15 % mindre enn det me rekna med i 2. kvartal. For neste år burde budsjettet opp minst 20 % om me ikkje får ein sterk oppgang i dollarkursen. Den går sakte oppover, uten store sprang. Kanskje me der kan få tena inn 10 % til slutten på året?

For Paso Cadena-prosjektet,

Inge Björnevoll